

Vedtekter for Herand Bygdelag

Org.nr. 880 960 202

1. Herand Bygdelag har som formål å
 - ta vare på bygda Herand og fremje trivsel og vekst ved å arrangere og støtte aktivitetar som styrker det kulturelle og sosiale fellesskapet i bygda
 - stimulera til tilflytting og leggja til rette for skaping av arbeidsplassar og nye bustader
 - ta vare på og vedlikehalde fellesområde og felles eigedom
 - sette i verk tiltak som kan hindre fråflytting, nedlegging eller redusering av verksemdar, institusjonar, offentlege eller andre tenester

Herand Bygdelag er partipolitisk og religiøst nøytralt, men kan likevel ta standpunkt i politiske saker som angår formålet.

Bygdelaget skal vise varsemd i sine aktivitetar og tilbod for å ikkje bli ein ujamn konkurrent til etablert kommersiell verksemd i bygda.

2. Alle med postadresse Herand og som har fylt 15 år er rekna som medlemmer, har stemmerett i laget sine møte og kan veljast til styret. Laget har ingen sentralt medlemsregister eller medlemskontingent.
3. Eit styre på 7 medlemer med 3 varamedlemmer valde av årsmøte skal leia Herand Bygdelag. Årsmøtet vel fyrst styremedlemer. Deretter vel årsmøtet styreleiar blant styremedlemmene i eit særskilt val. Faste medlemmer i styret sit i to år, og rullerer ved at om lag halvparten av styret (tre eller fire personar) står på val kvart år, medan varamedlemmer vert valde for eitt år.

Styret vel seg imellom nestleiar, kasserar, skrivar og medlemmer til andre verv som er turvande. Styret kan tilsetja og seia opp rekneskapsførar som ikkje er med i styret.

Kvart kjønn skal ha minst 3 medlemmer av styret. Fleirtalet av styret skal vera fastbuande i bygda. Ved rekruttering av medlemmer til styret skal det leggjast vekt på å ha ulike aldrar og levevegar representert.

Dersom eit styremedlem går ut av styret i løpet av perioden, skal øvste varamedlem gå inn i styret ut styreperioden til den som blir erstatta.

Ei valnemnd på tre medlemmer har som oppgåve å kome med framlegg til kandidatar til styret og vervet som styreleiar. Medlemmene i nemnda har ein valperiode på tre år, med rullering slik at eit av nemndmedlemmene står på val av gongen. Årsmøtet nominerer kandidatar.

4. Styret skal leia og ha som oppgåve: Ta opp, drøfta, leggje til rette for og setja i verk alle tiltak som er i samsvar med årsmøtet sine vedtak; arbeide med å sikre forsvarleg økonomi til drift og prosjekt; og vidare ivareta bygdelaget sine interesser i saker som vert førelagt dei og som er til felles beste for bygda. Styret må om det trengs kunna fungera som bindeledd mellom bygda og offentlege og andre instansar.

Styret skal ha møte så ofte som styreleiaren eller 4 av styret krev det. Styret v/styreleiaren skal tilvisa alle utbetalingar.

Styret skal til ei kvar tid føra og arkivere referat for alle møter. Referata er offentlege med unntak av personalsaker og liknande.

5. Årsmøte er høgste rådvelde for bygdelaget. Det skal haldast kvart år innan 30. april med minst 21 dagars varsel med plakatar og i sosiale media. Saker må meldast til styret minst 14 dagar på førehand og dagsorden deretter kunngjerast av styret.

Årsmøtet skal handsama desse sakene:

1. Val av møteiar og referent, og to personar til å underteikne protokoll frå årsmøtet
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden
3. Godkjenne årsmelding og revidert rekneskap for føregåande år
4. *Val av medlemmer og varamedlemmer til styret.*
5. *Val av styreleiar*
6. Val av revisor
7. Val av valnemnd
8. Gjera vedtak i andre saker på dagsorden.

12 personar med bustad i bygda må vera til stades på møtet for at det skal vera vedtaksført. Ved for få deltakarar, kan det haldast nytt møte etter ny innkalling som kan gjera vedtak uansett kor få som møter.

6. Ekstraordinært årsmøte skal haldast når årsmøte, styret eller 20 personar busette i bygda krev det. Dagsorden for slike møte skal bli kunngjort saman med innkalling med minst sju dagars varsel.
7. Vedtaksendingar kan berre gjerast på vanleg eller ekstraordinært årsmøte som er innkalla med 14 dagars varsel, der det på førehand er kunngjort kva endringane gjeld. Endringane må ha 2/3 fleirtal av dei frammøtte røystene.
8. Kjøp og sal av fast eigedom og bygningar kan berre gjerast ved vedtak i vanleg eller ekstraordinært årsmøte, og må høve med bygdelaget sitt formål. Styret er ansvarleg for at all fast eigedom til ein kvar tid er forsvarleg forsikra. Store investeringar ut over forventa vedlikehald skal vedtakast av årsmøte.

Andre frivillige lag, private eller verksemdar kan leige lokale, men ikkje vere i vegen for bruk i tråd med bygdelaget sitt formål. Leigeprisar og faste avtaler må godkjennast av styret.

9. Oppløysing av føretaket Herand Bygdelag kan berre gjerast av 2/3 fleirtal på årsmøte der minst 30 personar av bygdefolket er til stades. Mogeleg eige etter oppgjer skal gå til ålmennyttig formål for bygda.

Vedteke i årsmøte 26 mars 2017, revidert mars 2020